



Møre og Romsdal tingrett

Årsrapport

20

21

Uavhengighet – Rettssikkerhet – Tillit



Rettssted Kristiansund



Rettssted Molde



Rettssted Volda



Rettssted Ålesund

Møre og Romsdal tingrett

Etablering av ny domstol

Med verknad frå 26. april 2021 vart Nordmøre tingrett, Romsdal tingrett, Søre Sunnmøre tingrett og Sunnmøre tingrett, gjort om til fire likestilte rettsstadar, organisert i ein domstol og med felles leiing. Alle tilsette fekk halde fram i stillingane og med fast kontor på rettsstaden dei frå før tilhørde. Dei fire tidlegare sorenskrivarane fekk tilbod om å halde fram på same vilkår, som dommar med tittel sorenskrivar, men utan leiarfunksjonen.

Sakene til Møre og Romsdal tingrett vert fordelt mellom rettsstadane etter tidlegare rettskrets.

Hovudformålet med ny organisering av tingrettane var å etablere sterkare fagmiljø og betre ressursutnytting.

Domstolane har i 2021 vore prega av omstilling og stor aktivitet. Det har for alle ansatte vore krevande å vere i prosess med omstilling samtidig som ein skal drifte domstolen under eit høgt aktivitetsnivå. Før oppstart av Møre og Romsdal tingrett hadde vi kort tid til å førebu organiseringa av tingretten, og vi har derfor brukt det første året som Møre og Romsdal tingrett til å etablere organisasjonen og legge forholda best mogleg til rette for framtidig felles drift. Utover fokus på å utføre løpnade drift med god kvalitet og stor effektivitet, har hovedfokuset vore retta internt i domstolen. For å lykkast saman i ein organisasjon basert på fire likestilte rettsstadar, har det vore viktig med gode interne prosessar der alle tilsatte har vore involvert.

Leiing

Ved oppstart av Møre og Romsdal tingrett var det kun sorenskriver og administrasjonssjef som utgjorde leiinga. Sorenskriver og administrasjonssjef har fast kontor i Ålesund. Det tok tid før vi fekk løyve til å lyse ut både stilling som nestleiar og seksjonssjef. Ved utlysing av desse stillingane vart det stilt krav om at både nestleiar og seksjonssjef hadde fast kontor på ein av dei tre andre rettsstadane enn Ålesund. Med verknad frå 1. september 2021 fekk vi nestleiar med kontorstad Molde og 15. september 2021 fekk vi på plass seksjonssjef med kontorstad Kristiansund. Kontorstad Volda har ingen tilsette i leiinga, men derimot ein kontaktperson for praktiske spørsmål.

Sorenskriver og administrasjonssjef er normalt vekselsvis ein dag i veka med kontordag Volda. Nestleiar har lagt opp til ein av vekedagane i Kristiansund og motsatt seksjonssjefen ein vekedag i Molde. Leiinga skal elles regelmessig vere til stades på alle rettsstadane. Pandemien har lagt visse begrensingar på reiseaktiviteten mellom rettsstadane. I ein viktig oppstartfase der vi skulle knytte kontakter og bygge felles kultur, har det vore uheldig at det i perioder har vore vanskeleg med oppmøte med fysiske samlingar for tilsette. Med god digital kompetanse og positive haldningar, vart bruk av digitale plattformer svært viktig. Ein stor del av dommarane har tross rådande pandemi tatt saker for andre rettsstadar. Det har vore naudsynt for både å nytte ledig kapasitet og ikkje minst for å unngå utsettelse av saker og long tid til sakshandsaming.

Sjølv om vi ser fram til eit samfunn utan pandemi, vil reiseavstander gjere at digitale møter også i framtida vil vere gode og naudsynte verktøy i tillegg til fysiske treff.

Vernetjeneste og tillitsvalde

Tilsette har gjennom organisasjonane; Dommarforeininga, NTL og Parat, valt sine tillitsvalde som representerer medlemmane på alle rettsstadane. I tillegg har vi ein «plassrepresentant» på kvar rettsstad. Tilsvarane organisering har vi for verneombod. I tillegg har tingretten etablert eit AMU.

Pandemi

Aktiviteten i domstolen har også i 2021 vore prega av pandemi, reiserestriksjonar og heimekontor. Vi har tross dei rådande forhold i stor grad lykkast med å gjennomføre dei aller fleste sakene etter planen. Det er ingen saker som har vorte utsatt som følge av interne grunnar. Nokre utsettingar har det vorte som følgje av aktørar ramma av smittesituasjonen. Reiserestriksjonar har gjort det vanskelegare for ansatte å møtes til fysiske treff, men vi har likevel klart å gjennomføre to domsstolsamlingar i løpet av hausten 2021. Digitale møter erstatter ikkje fysiske treff, men situasjonen har lært oss at det i mange samanhengar gir gode løysingar.

Sterkare fagmiljø

Tingretten har brukt store delar av 2021 til å utarbeide felles rutine innan ulike fagområde og for alle rettstadane. Det gjer det for det første enklare å arbeide på tvers av rettsstadane. Med vårt felles sakssystem, Lovisa kan ein dommar og/eller sakshandsamarar utføre oppgåver for andre rettstadar enn der ein har sitt kontor. Gode rutine medfører både betre effektivitet og kvalitet ved utføring av arbeidet. Eit like viktig formål med felles rutine er at vi utad skal møte eksterne aktørar som advokatar, påtalemakta, sakkyndige, media, tolkar og andre mest mogleg likt uavhengig av kven som er dommar og uavhengig av kva for rettsstad saka høyrer til.

Betre ressursutnytting

Våre fire rettsstadar står sterkt saman som Møre og Romsdal tingrett. Allereie etter kort tid erfarte vi store gevinstar ved ressursutnytting på tvers av rettsstadane. Alle fire rettsstadane er i seg sjølve særleg sårbare ved sjukdom og anna fråver. I tillegg er saksmengdene til ei kvar tid varierende. Tilsatte har vist ein stor velvilje og fleksibilitet i forhold til felles god utnytting av ressursane. Sakshandsamarar har i stor grad utført oppgåver for andre rettsstadar. Dommarane har reist mellom rettsstadane og sørga for gjennomføring av monge saker for andre rettsstadar som elles ville hatt problem med å avvikle sakene innanfor rimeleg tid. Av same grunn har vi også i større grad unngått å utsette saker som følgje av manglande dommar. Betre ressursutnytting medført at vi har redusert store forskjellar i sakshandsamingstid mellom rettsstadane. Fleksibilitet mellom rettsstadane og større tilgong til ressursar, gjer det i det heile mogleg med tettare program for tidfesting av saker.

Sterkare fagmiljø

I løpet av 2021 har vi utvikla felles rutine på monge fagområde. Alle ansatte har vore engasjert og deltagande i dette arbeidet. Formålet har vore betre kvalitet og samtidig sikre felles handsaming både innad i domstolen og utad mot brukarane.

Både sakshandsamarane og dommararane er organisert i ulike faggrupper på tvers av rettsstadane. Formålet er kontinuerleg fokus på forbetningsarbeid og fagleg utvikling internt i domstolen, men skal også ha fokus på god samhandling utad mot dei ulike eksterne aktørar.

Rettsbygninger

Domstoladministrasjonen har prioritert Molde og Volda for nye rettslokale. Molde vil fullføre prosjektet i Fylkeshusa oppstarta før etablering av ny domstol. For rettsstad Volda vart det på slutten av året iverksatt prosess for nye lokale.

Nytt lokale skal vere klart for innflytting innan november 2023.

RAPPORT SAKSAVVIKLING

Periode: 01.01.21 – 31.12.21

Til sammenligning står tallene for 2020 i parentes.

	Restanse 1.1.2021	Nye saker innkommet i perioden	Dom	Restanse 31.12.21	Gj.snittlig saksbeh.tid 2021
Twistesaker	185 (214)	454 (462)	183	164	138 d (K: 4,8 mnd* M: 7 mnd* V: 4,8 mnd* Å: 4,1 mnd*)
Over- prøving- saker	13	31		11	131 K: 87 M: 107 V: 144 Å: 103
Barnelov	47	101	33	49	176 K: 156 M: 162 V: 223 Å: 164

	Restanse 1.1.2021	Nye saker innkommet i perioden	Dom	Restanse 31.12.21	Gj.snittlig saksbeh.tid 2021
Med- dommersake r	119 (127)	529 (589)		120	80 d (K: 3,3 mnd M: 2,9 mnd V: 2,9 mnd Å: 2,3 mnd)
Enedommer- saker	58 (67)	1715 (1974)		54	11 d (K: 0,3 mnd M: 0,6 mnd V: 0,4 mnd Å: 0,4 mnd)
Rettsmekling	Antall saker til rettsmekling	Antall saker reg. avslutta i meklings- møte	Meklings- prosent av alle avslutta saker i perioden	Forliks- prosent	
	72 (87)	72 (87)	15 (18)	79 (64)	

	Antall mottatt	Antall åpnet
Konkurssaker	314 (305)	176 (212)
Tvangssaker	1264 (1127)	
Dødsfall	2332 (2232)	
Testament til opp- bevaring	489 (481)	
Offentlig skifte av dødsbo	70 (63)	43 (54)
Felleseieskifte	7 (8)	1 (1)
Notarialbekreftelser	1839 (1545) **	

* K = Kristiansund, M = Molde, V = Volda, Å = Ålesund

**Auka antal kan ha samanheng med at enkelte rettssted ikkje registrerte notarialar i Lovisa før samanslåing av tidlegare domstolar.

Februar 25.02.2022

Kirsti Høegh Bjørneset

Anna – Lena Gulliksen

Øyvind Panzer Iversen

Kari Laugtug